



MELAND KOMMUNE
Postboks 79

5906 FREKHAUG
Norge

Dykkar ref.:	Vår ref.	12122301	Dato:
	Sak/dok.:	17/51222-1	14.11.2017
	Ark.:	346	

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 1 bnr. 19 og 259 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert melding om arealoverføring med tilhøyrande erklæring og erklæring om unntak frå konsesjonsplikta de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Underskrifta til heimelshavaren må vere stadfesta slik tinglysningsforskrifta § 3 krev. Hovudregelen er at to myndige personar må vitne underskrifta. Vitna må bu i Noreg og ikkje vere gift med eller vere i nær slekt med den som får ein rett i dokumentet. Ein advokat eller ein eigedomsmeklar kan stadfeste underskrifter aleine.

Det eine vitnet på erklæringa, Sara Solberg, er dotter til Kurt Solberg. Ho kan ikkje vere vitne når det er han som får ein rett i dokumentet. Vi ber om at to vitnar som ikkje er i nær slekt med Kurt Solberg bekreftar Hanna Solberg sin signatur.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysningslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Venleg helsing

Hedvig Fredriksen
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

■ www.kartverket.no